


**SKOLE-
MATERIELL**

HAUGTUSSA



**DET
NORSKE
TEATRET**

BAKGRUNNSINFORMASJON • RESYMÉ AV STYKKET • INTERVJU • UTDRAG FRÅ MANUS • ARBEIDSOPPGÅVER

I dette materialet finn du:

1. Ein vegvisar inn i framsyninga | side 3
2. Haugtussa i sin heilskap | side 5
3. Oppgåvar | side 7
4. Omtale av dramateknikkar som er foreslått nytta | side 15
5. Kjelder | 30



Ein vegvisar inn i framsyninga

OM HAUGTUSSA

Diktsyklusen Haugtussa blei utgitt i 1895. Dikta har fått ein særskild status i den nynorske litteraturhistoria, forsterka av at Edvard Grieg komponerte musikk til fleire av dikta, som til dømes «Det syng», «Veslemøy», «Blåbærli», «Møte», «Elsk», «Kidlingdans», «Vond dag» og «Ved Gjætlebekken». Hovudpersonen er ungjenta Gislaug, som familien kallar Veslemøy. Veslemøy er, eller blir, synsk. Dette får ho eit varsel om frå den døde syster si, som syner seg for henne ei natt. Ho kjem til å kunne sjå dei døde, dei underjordiske og menneska sine vardøger i dyreham. Difor får ho av bygdefolket kallenamnet «Haugtussa», og «Haugtussa vart ho heitand». Ho gjeter sau i fjellet og møter sin første unge og brennande kjærleik i Jon, «den galne guten» som hennar «hug hev dåra». Og ho kan ikkje tenkje seg noko anna enn at det er slik også frå hans side. Ho gjev han heile sin hug, ventar og ventar på at han skal kome attende til henne der oppe i fjellet, men han svik henne. Han svik kjærleiken for pengar. Ei rikmannsdotter frå bygda vil ha han, og får han. Veslemøy kjempar ein kamp på liv og død, for å kome over sorga og sviket, ein kamp mange har meint symboliserer striden mellom det gode og det vonde i mennesket, men tolkingane skifter med vekslande tider. Somme har lagt hovudvekta på det romantiske, på kjærleiken mellom Veslemøy og Jon, andre har lese verket som eit framhald av Garborgs naturalistiske diktning og konsentrert seg om det samfunnskritiske aspektet i verket. Det har også blitt fokusert på dei mektige naturskildringane og det faktum at Veslemøy gjennom sin kamp får ny innsikt i seg sjølv. Ho blir freista til sorgløyse og gløymse av dei underjordiske i Blåhaugen, men sigrar til slutt over dei. Det interessante spørsmålet er: Korleis får ho denne innsikta? Kva er det som gjer at ho sigrar? Kan Ane Dahl Torp og Sjur Miljeteig si framsyning kaste nytt lys over det undermedvitne, driftene og villskapen i menneskesinnet?



Førsteutgåva har undertittelen "Forteljing", ei sjangernemning som vitnar om den episke karakteren i verket. Alle dikta kan lesast kvar for seg, men undertittelen og den indre samanhengen, peikar mot at verket er tenkt som ei samanhengande forteljing om livet og utviklinga til ungjenta Veslemøy. Difor er det og eit naturleg grep når Ane Dahl Torp vel å presentere Haugtussa som forteljarteater, ein episk diktskyklus i teaterform. Haugtussa er noko av det vakraste i norsk dikting. Ane Dahl Torp og Det Norske Teatret vil fortelje Veslemøy si historie slik at ho også kan seie noko til dei som er unge i dag, og til eit vakse publikum.

Vi høyrer gjerne frå dei som bruker det pedagogiske materialet og tek med glede mot kommentarar, innspel og eventuelle ønske for seinare opplegg knytte til andre framsyningar.

Vi vonar stoffet blir til glede og nytte!

Med vennleg helsing

Solhild Linge og Ylva Catodotter Fyllingsnes



Haugtussa i sin heilskap

Hovudpersonen er ungjenta Gislaug, som familien kallar Veslemøy. Veslemøy er synsk og kan sjå dei underjordiske og vardøger av menneske i dyreham. Derfor får ho også tilnamnet «Haugtussa» ute mellom folk. Etter å ha fått hjelp av presten til å takle alt ho kan sjå, blir hun lykkeleg forelska, men guten ho elskar, svik henne til sist for å bli rikt gift. Veslemøy kjempar deretter ein kamp med seg sjølv for å handtere sorga og sviket, ein kamp som også symboliserer striden mellom det gode og det vonde i mennesket.

I Haugtussa gjer Garborg bruk av folkedikting, mellom anna er det klare referansar til segner og Welhavens dikt «Det omvendte Bæger». Dette saman med skildringar av miljø og natur på Jæren byggjer opp den rette, trolske stemninga.

- Les Gudleiv Bøs innleiing og kommentarar
- Les Gudleiv Bø: Veslemøys verden: veiviser i 'Haugtussa', Aschehoug, 2002
- Sjå faksimilar av 2. utgåve (NB digital)

HAUGTUSSA

Haugtussa er ein diktsyklus i fleire delar. Her får du eit oversyn over heilskapen i saga om Veslemøy, og i overskriftene og titlane kan du følgje henne og få eit lite innblikk i utviklinga hennar, frå varmen i den fredelege omnskråa heime, til ho blir synsk, opplever møte med tussar og troll, kjærleik og svik, blir sjuk av kamp og strid, før ho tek sitt store og vanskelege val og endeleg blir heilt fri, sjølvstendig og sterk. Framføringa på Det Norske Teatret er eit resultat av Ane Dahl Torps engasjerte og medvetne kryssklipping i desse tekstane, og den forma ho har valt: forteljarteater med rockepreg.

| | | |
|--|--|---|
| <p>Heime Veslemøy ved Rokken Kvelding I Omnskraai Sporven Det syng Fyrivarsl Sundagsro</p> | <p>Veslemøy synsk Gamlemor ventar Veslemøy Syne Haugtussa</p> | <p>Jol Ungdom Laget</p> |
| <p>I Gjøtlebakken Vindtrolli D'er kje greidt Fuglar Under Jonsok I Slaatten Veslemøy undrast Dømd</p> | <p>Dei vil ta henne Maaneskinsmøyane Heilagbrøt Kravsmannen I Skodda Veslemøy sjuk Snøstorm Draken Hjelpi</p> | <p>Det vaarar Mot Soleglad Vaardag</p> |
| <p>Sumar i Fjelle Paa Fjellveg Den snilde Guten Paa Gjøtleberg-Nut «Dokka» Veslemøy lengtar Blaabær-Lid Møte Killingdans Elsk Skog-glad Eit Spursmaal Ku-Lokk Vond Dag Ved Gjøtle-Bekken Fri</p> | <p>Paa Skare-Kula Det vaknar Dei hyller sin Herre Prøve Svarte-Katekisma Stjernefall Ein Søkjar Høg Gjest Troll-Dans Bergtroll Gnavlehøl Gumlemaal</p> | <p>Den store Strid Haust Raadlaus Den som fekk gløyme Kor hev det seg? Vinter-Storm I Kyrkja Ein Bêle Uro Bøn Paa Vildring Ho vaknar Ei tung Stund I Blaahaug</p> |

Oppgavar

FIKSJON OG METODAR I ARBEIDET MED HAUGTUSSA

Ein kan ha ulike innfallsvinklar til arbeidet med tekstane, til dømes gjennom eit rollespel med ein gjenkjenneleg og notidig situasjon, eller ein historisk kontekst der ein etablerer ei fiksjonsramme for arbeidet, gjennom musikk, tekst eller bilete, eit rom i rommet. Eller andre aktiviserande metodar.

OPPGÅVE 1:

Rollespel med ukjend/ skjult undertekst Bruk rollespelet som ein introduksjon til å ta for deg eitt eller fleire av tekstutdraga *Møte og Elsk, Vond dag*.

Læraren: De er to og to saman i eit rollespel: Ein er A, og ein er B. De får eit rollekort kvar. Ikkje vis kortet ditt til den du er saman med, eller nokon annan. Eg gir først nokre instruksjonar, så får de rollekorta dykkar. Les dei nøye, legg så rollekorta frå dykk og improviser situasjonen. Alle som er A, går ut, og alle som er B, finn sin plass i rommet, som då er «heime hos deg». A kjem på besøk til B. Læraren finn løysingar med tanke på å endre gute- og jentenamn, slik at det passar for deltakarane. For forklaring på statueforming, frysbilete, tankar og replikkar: Sjå forklaring til sist i oppgåveforslaga.

Instruksjonar:

De går på vidaregåande skule; bestem kva for ein skule og kva for ei studieretning. A skal begynne i vg2 og du i vg3 etter sommarferien.

- De blei kjærastar to veker før sommarferien. Bli einige om kvar og korleis det skjedde.
- A skal på ei tre vekers språkreise, spart opp til og betalt av foreldra. Bli einige om kvar A drar og kva språk A skal studere.
- A skal ha sommarjobb etter kurset. Bli einige om kva slags jobb.
- B skal ha sommarjobb med ein gong skulen er slutt. Bli einige om kva slags jobb B har fått.
- De planlegg å dra på ei reise saman, i ei veke, når A kjem tilbake og før B byrjar å jobbe. De har ikkje så god råd, men finn ut kvar de skal dra, og kva de har lyst til å gjere. De gler dykk verkeleg..

Rollekort A: Katrine

Det er sommar, og du er nettopp komen heim frå ei tre vekers språkreise etter vg1, og du har gledd deg «sjukt» til å treffe att kjærasten din, Petter, frå vg2, som du blei saman med rett før skuleslutt. De fekk berre to korte, men fantastiske veker saman før du skulle dra på den lenge planlagde språkreise som foreldra dine har spandert på deg. Du hadde nesten ikkje lyst til å dra, men du veit at dei har spart lenge for å få råd til å gi deg dette, så sjølvsgt drog du, og har gjort ditt beste for å lære så mykje som mogleg. Gode karakterer er viktig for å kome seg vidare! Petter og du har snakka saman på telefonen, sendt sms til kvarandre, men den siste veka har han vore veldig oppteken med sommarjobben sin. Masse ekstrajobbing for å tene pengar. De snakka jo om å spare til ei reise saman når du endelig kom heim, og no skal de endeleg møtast! Du har ringt og avtalt.

På veg til Petter møtte du ei klassevenninne som sa til deg: «Eg såg Petter i går, på badestranda med Kari. Du veit, ho flotte og kule med dei steinrike foreldra. Det

såg ut som dei hadde det veldig morosamt saman. Eg trudde de to blei saman, før ferien eg?»

Du kjenner eit stikk i hjartet. Er det noko gale? Nei, det kan det ikkje vere ... Han sa at de to var kjærastar, «for ever», og at de måtte møtast med ein gong du kom heim. Han må vel ha lov å snakke med andre, og ha litt fritid frå sommarjobben? De har jo og drøymt om, og faktisk planlagt, ein liten ferietur saman når du kom tilbake. Du kjenner deg uroleg og veit ikkje heilt om du skal nemne det du har høyrte når de møtest. Du ringjer på døra, ho opnar seg og du byrjar med «Hei, Petter, endeleg ...»

Rollekort B: Petter

Det er sommar, du er ferdig med vg2 og fekk heldigvis ein godt betalt sommarjobb. Det kan komme godt med når det er eit slit å klare seg gjennom året. Det er dyrt å vere skuleelev, sjølv om bøker er gratis. Du vil jo gjerne leve livet, og ikkje noko er gratis! Like før sommarferien blei du forelska i ei jente i vg1, Katrine. Ho er kjempesøt, men litt spesiell: Ho verkar både beskjeden, men samstundes ikkje beskjeden i det heile teke. Det er litt forvirrande. Men når ho ser på deg med dei store botnlause augo sine, fekk du verkeleg ei kjensle av at du var noko heilt spesielt for henne, og at du faktisk var den einaste i livet for henne! Då de blei saman, kjende du også at ja, kanskje dette er ei sånn «once in a lifetime»-oppleving? Er dette «for ever»? Det er faktisk nokre som snakkar om «kjærleik ved første blick». Det kjendest nesten slik. De fekk berre to korte, men fantastiske veker saman før ho skulle dra på den lenge planlagde språkreisa som foreldra hennar hadde spandert på henne. Ho hadde nesten ikkje lyst til å dra, men foreldra hadde spart lenge for å få råd til å gi henne dette, så sjølv sagt måtte ho dra. De har snakka saman på telefonen, sendt sms til kvarandre, men den siste veka har det skjedd noko. For nokre dagar sidan, då du tok ein vel fortent pause i all jobbinga og drog på stranda med nokre av gutane i klassa, møtte de Eva frå parallellklassa. Ho er ei verkeleg flott jente, som alle gutane er forelska i, og som alltid har tid til uteliv. Med dei velståande foreldra ho har, treng ikkje ho å jobbe i det heile teke, og ho likte verkeleg godt å vere saman med deg! Det forstod du. Ho foreslo til og med at de skulle møtast på kvelden etter at du var ferdig på jobb. Dei andre gutane var litt misunnelege, såg det ut til. Det var vanskeleg å seie nei. Og det blei ikkje med den eine gongen ...

No er Katrine komen heim, ho har ringt, og ho kjem til deg rett etter at ho har sagt hei til foreldra sine. Du kjenner deg uroleg og veit ikkje heilt om du skal nemne dette for henne, når de møtest. Er du framleis interessert i henne? Eller skal du slå opp? Med Kari er alt så greitt og moro, og med alle dei pengane ho har, er livet leikande lett ...

Det ringjer på døra, du opnar og du byrjar med «Hei, Katrine, kom inn ...»



OPPGÅVE 2:

Bruk ein historisk kontekst der du etablerer ei fiksjonsramme som ein introduksjon til *Møte, Elsk, Vond dag, Rådlaus, Bøn*.

Her vel du å lage ein *pretekst*, det vil seie ein situasjon som viser veg inn i arbeidet. Det kan du gjere ved bruk av musikk, tekst, bilete – noko som er med på å skape ei stemning. I Sjur Miljeteig sin Garborg-musikk i Det Norske Teatret si oppsetjing, er det eit mylder av instrument, stemningar og lydar, rockinspirert og jazzprega. Det kan og vere Griegs musikk til Haugtussa: «Veslemøy, Blåbærli, Møte, Elsk, Killingdans, Ved Gjetlebekken, Vond dag.....». Eller annan stemningsmusikk som og kan passe til eit bilete.

Det kan nyttast ulike objekt: Det kan vere bilete frå gardsliv, fjell og gjetarliv på 1890-talet. Gjerne med personar du kan stille spørsmål om. Ver heilt konkret: Kvar er dette? Kva for årstal, årstid, tid på dagen, kven ser vi? Når fiksjonen er etablert, kan du utforske fiksjonen for å finne fleire situasjonar og tankar til personen/ personane.

1. La elevane tenkje på korleis det var på den tida. Er det ute i skogen, er det heime på garden, på kjøkkenet hos Veslemøy? Kvar er personen/ personane på veg? Kvar kjem ho/ han eller dei ifrå? Korleis er stemninga? Kva har ho gjort i heile dag?

2. Lag frysbilete, tablå:

- Vi skal no sjå korleis det ser ut etter at ...
Vel situasjon.
- Lag ei statue som syner korleis det såg ut når ...
Vel situasjon.

- Tenk deg at det er kveld, Veslemøy gjeter, og det mørknar i skogen, det blir uver.
Snakk litt om korleis det er for henne.
- Ein unggut frå bygda, Jon, kjem på besøk.
Han deler nistepakka si med henne, dei blir forelska, ho fortel at ho er synsk. Det dreg opp til uver.
Det er no berre nokre minutt før dei sovnar i armane på kvarandre.
Vis bilete/ statuer frå nokre situasjonar dei i mellom.
Gi replikkar og tankar.

OPPGÅVE 3: TANKETUNELL

Tekstutdraga Vond dag, Rådlaus, Bøn

Les og samtal om tekstane.

Lag ein «tunell» i form av to rader av elevar, der de står beint over kvarandre, ganske tett saman.

Ein elev er Veslemøy. Ho er utanfor tunellen, fordi ho skal gå gjennom han.

Vi tenkjer oss at det er kveld,

Veslemøy er på veg heim til bygda. Ho har hatt mange vonde dagar; Jon kom ikkje attende. Ho har vore rådlaus, lei seg og retta ei inderleg bøn til «nokon» om hjelp. Avstanden mellom dykk er den smale stien i skogen ho no går på, heimover. *Kva tenkjer ho?*

Finn ei setning du trur ho tenkjer, og sei henne høgt for deg sjølv mang gonger, medan ein av elevane er «Veslemøy» og går sakte gjennom «tunellen» og får høyre klårt og tydeleg alle tankane dei andre har gjeve henne. Sidan kan fleire elevar gjere det same.

Lag ein tanketunell der Jon går gjennom når han er på veg heim frå møtet med Veslemøy.

Lag ein tanketunell der Jon er på veg til stemnemøte med den rike jenta i bygda han valde i staden for Veslemøy.

Avslutt med ei skriveoppgåve

1. Monolog, Veslemøys tankar når ho er komen heim og sit i omnskroken samen med katten
2. Monolog, Veslemøys tankar slik ho ser for seg at ho kunne snakke til Jon
3. Monolog, Jons tankar når han går frå Veslemøy første gongen etter deira første møte
4. Monolog, Jons tankar når han går opp etter kyrkjegolv og giftar seg med den andre jenta

OPPGÅVE 4: HEITT SETE, MED JON

Ein kan både gjere intervju og heitt sete. Gjennom intervju kan ein utforske personens daglegliv, kjensler og haldningar, kva som skjedde i ein bestemt situasjon. Ein vil gjerne finne meir ut om personen eller ei sak, og personen svarar i rolle. Den som «intervjuar», kan til dømes vere journalist, ein i familien, ein ven eller liknande. *Heitt sete* er ein meir utfordrande situasjon, der personen har gjort noko som er «kritikkverdig» og må tole å svare på utfordrande spørsmål, «forsvare» eller forklare handlingar og haldningar. Då må ein bruke den kunnskapen ein har frå teksten, kjelda, og elles dikte opp sjølv. Ein kan gå frå stolen når ein vil, og det er lov å nekte å svare på spørsmål. Nektar ein å svare for ofte, vil situasjonen gjerne låse seg i staden for å bli oppklara, så det er bra å halde ut ei viss tid. Når ein går, kan ein annan ta plass i stolen. Jon kan vere interessant å møte i *heitt sete*.

OPPGÅVE 5:

Tekstutdraga Dømd og Førevarsel



Veslemøy er « dømd» til ein lagnad og får eit førevarsel om det som skal skje henne, anten det er ei gåve eller ein tung lagnad. Som i folkevisa/mellomalderballaden «Villemann og Magnhild» er det slik at «ingen kan frå si forloge fly», heller ikkje Veslemøy. Ho kan ikkje kome seg unna det som er hennar lagnad. Spørsmålet er korleis ho tek det, og kva ho gjer med det.

Studer teksten Dømd, og modeller Veslemøy, slik du ser henne for deg

- Utsjånad, klede:** Det kan til dømes starte med at læraren les teksten Dømd; elevane lyttar med augo attlatne og ser Veslemøy for seg. For å konkretisere tolkinga kan ein la ein og ein elev kome fram, vere Veslemøy, setje seg på stolen og seie: « Eg har på meg...» og så skildre korleis ho ser ut. Det kan til dømes høyrast slik: «Eg har på meg ei brun trøye, med opninga framme og tre små knappar. Eg har eit raudt skjørt, brune strømper som mor har strikka, og grå sokkar». La fleire elevar kome opp og presentere sine indre bilete, slik at det er tydeleg aksept for mange ulike tolkingar.
- Utsjånad:** Modellering eller statueforming vil seie å forme seg sjølv eller andre til ein rollefigur som syner kjensler og handling både med andlet og kropp, i samband med ein gitt situasjon rollefiguren er i. Her er det Veslemøy på kjøkkenet. Rollefiguren, her Veslemøy, anten det er gut eller jente, set seg på ein stol, og dei andre elevane, ein og ein, går opp og formar henne etter det biletet dei har av henne. Det er ei konkretisering av slik dei oppfattar henne reint fysisk. Her kan ein sjølvst og dynamisere situasjonen med replikkar og tankar, slik ein gjer med frysbilete.
- Diskuter:** Kva kan det vere som gjer at Veslemøy kjenner seg «dømd»?

Teksten Førevarsel



Kort tid etter at vi møter Veslemøy første gong, har ho sin første skremmande draum. I diktet viser den døde søstera seg for henne i eit kvitt laken, og ho gir Veslemøy eit beger som ho skal drikke ut, med bod om at hun skal kome til å sjå det som skjuler seg i natta, og at ho har ein mørk og tung veg føre seg.

1. Dramatiser teksten Førevarsel, med Veslemøy og søstera.
2. Skriv eit dagboksnotat i rolla som Veslemøy rett etter at ho har vakna frå draumen.
3. Diskuter: Kva kan det vere søstera prøver å førebu Veslemøy på?

Teksten Etter draumen

1. Lag talekor med teksten, varier tempo og styrke.
2. Diskuter kva det vil seie for ein ungdom «å vere annleis» på ulike område.

Korleis opplever ein det sjølv? Korleis opplever andre det? Korleis kan vi bli meir inkluderande?

OPPGÅVE 6

Tekstutdrag 3,4 og 8: Ungdom, I blåhaugen, På Vildring

Det har gått nokre månader sidan Veslemøy drakk ut begeret som søstera kom med, og ho kjem no til å sjå verknaden av det. I diktet "Laget" skildrar Garborg ungdomane sin fest annandag jul. Stemninga er god, og dansen blir heftig. Veslemøy sit i ein krok og ser på, og ho ser «det dei andre ikkje kan sjå, / som villt seg i dansen tumlar. / I stogo det kryr / med alle slags dyr; / dei hoppar som skuggar og flyg og flyr". Veslemøy ser menneske, ånder og troll blande seg saman. Til slutt kjem ein vakker haugkall dansande mot henne, han prøver å få henne med inn i Blåhaugen, der han bur. Han fortel henne at han er bjørn om dagen og ein fager haugkall om natta. Når Veslemøy skal til å kysse han, vert munnen hans forvandla til ein rottemunn, ho svimar av og vaknar sjuk.

Diskuter

1. Kva slags krefter er det i Veslemøy som her får nærast fritt spelerom?
2. Kva slags freisting blir ho utsett for?
3. Er dette freistingar som kan ha andre former i dag?

OPPGÅVE 7**Tekstutdrag 9 og 10: Veslemøy vaknar, Til deg du hei**

Veslemøy har vore forelska, er blitt sviken, har vorte freista på ymse måtar til å gi blaffen i alt, gløyme det vonde gjennom å rømme inn i ein annan heim, eit anna tilvere, gjennom haugfolket og gløymsledrykken deira.

Diskuter:

1. I kva grad er dette atkjennande for unge i dag, å rømme inn i noko anna når livet og tilveret kjennest for hardt? Kan du forstå Veslemøy sine reaksjonar? Kva for utveggar prøver ho? Kva ville du prøvd?
2. Kva trur du er det som til slutt gjer at ho sigrar over det ho strir med og vel å stå i det, og seier:
*Nei, heller vil eg med augo sjå,
enn blind og dauv gjennom verda gå
og ikkje det sanne skilja!*
3. I kva grad er du einig med henne, og med Garborg om at denne løysinga er den beste?

OPPGÅVE 8

Diskuter i kva grad Veslemøy sine opplevingar, kjensler og indre kampar er noko unge i dag kan kjenne seg att i, og i kva grad hennar endelege val kan vere til inspirasjon og gi håp.

Omtale av dramateknikker som er foreslått nytta

TABLÅ

Eit frys-bilete: det handlar om å fryse ein augneblink og studere den nærare. Tablå blir ofte brukt i samband med ein dramatisk, handlingsmetta eller særleg meiningberande situasjon. Det gjer at deltakarane får studere ei sak, ein situasjon, ein rollefigur/person på nært hald, som ved å forstørre eit bilete. Då kan ein få betre høve til å tolke uttrykket og reflektere over denne bestemte augneblinken i ein gitt situasjon. Det er viktig når ein lagar tablå at ein brukar god tid til å tolke og samtale om innhaldet og uttrykket i tablået.

MODELLERING ELLER STATUEFORMING

Dette kan samanliknast med eit tablå/frysbilete. Resultatet blir eit frysbilete, ein statue, men prosessen er meir i fokus. Eleven formar ein annan til ein statue av ein rollefigur som uttrykkjer kjensler og handlingar med både ansikt og kropp, i samband med ein gitt situasjon rollefiguren er i. Eleven som formar statuen, arbeider med utforminga til han eller ho er nøgd med resultatet og har fått fram det han eller ho ynskjer. Deretter er det andre elevar som formar statuen i si tolking. Ein kan sjølvsgt også her dynamisere ved å gi replikkar og / eller tankar i situasjonen.

ROLLESKRIVING (BREV, DAGBOK ETC.)

Rolleskriving er ein innfallsvinkel til tekstlaging. Elevane tenkjer ut frå eit eg-perspektiv, eg-personens ståstad, og skriv teksttypar som dagboksnotat, beskjed eller brev. Det er viktig å gi klart definerte oppgåver og vere tydeleg på kven elevane er (kva for roller dei har). Elevane kan utfordrast til å få med kunnskap om tema, gjennom tid, stad og ulike problemstillingar i det dei skriv. Metoden får fram refleksjonar over opplevingar, eller dei ser tilbake på hendingar i forløpet.

LÆRAR-I-ROLLE

Lærer-i-rolle er ein samtale eller dialog mellom læraren, som går inn i ei rolle som ein bestemt rollefigur, og elevane, som gjerne får tildelt ei rolle av læraren. Læraren må avtale ein fiksjonskontrakt med elevane: «No er eg lærar, når eg tar på meg jakka / sjalet / hatten, blir eg ein annan. Då er eg Veslemøy eller Jon. Ved å ta plagget av går eg ut av rolla.» Du kan leggje inn fakta gjennom rolla, du kan strukturere det heile og avgjere kor mykje eller lite du vil røpe. Men du må formidle eller røpe nok relevant stoff til å gjere elevane nyfikne, og også gi nok rom til at elevane kan få i gang meir eller mindre kvalifiserte spekulasjonar, gjettingar, moglege samband mellom personar, og nokre idear om tenkelege scenario. Du må vere merksam på spørsmåla for eventuelt å kunne vri dei og svare på dei i den retning du ynskjer, eventuelt tolke eller omformulere spørsmåla. Når du som er i rolla synes det er gitt nok informasjon, avsluttar du. Det viser seg ofte at ca. 10 minutt kan vere nok.

TEKSTUTDRAG 1

1. AKT

DØMD

Det kveldar om haust over låge land.
Eit havbrak vaknar ved Nordan-Strand.

Blåkalde skyer kviler i vest.
Dagens auga sloknar og brest.

Myrane søv under tåke-fell.
Å-sus* varslar i stille kveld. *elvesus

Trolldom lurar i jordslags eim; -
/: Veslemøy hastar med smalen* heim. ./ *sauene

Ho er mager og mørk og mjå
med brune og reine drag
og augo djupe og grå
og stillslegt, drøymande lag.
Det er som det halvt om halvt
låg ein svevn over heile ho;
i rørsle, tale og alt
ho har denne døyvde ro.

*Under panna fager men låg
lyser augo som att-um eim;
det er som dei stirande såg
langt inn i ein annan heim.*

Ho går til sin omnskråbenk
og set seg, men veit det knapt,
og tek denne mjølkeskjenk
og sit der roleg fortapt.
Berre barmen gjeng sprengd og tung,
og det bivrar om munnen bleik.
Ho er skjelvande sped og veik,
midt i det ho er ven og ung.

TEKSTUTDRAG 2

2.1.FØREVARSEL

Veslemøy ligg og drøymmer
i morgonstunda grå
og ser si døde søster
for sengebenken stå.
Mjukt fløymer det kvite laken
ikring den skapnad fin;
så vent det skimrar og lyser
med underleg bivreskin.

Eit staup av sølvet klåre
i magre hand ho bér.
Dei store stille augo
med sorg på Veslemøy ser.
«Du arme, unge søster!»
ho kved med kjærleg sut,
«her er den kalken djupe,
som du skal tømme ut.

*Du har den tyngste lagnad
som nokon her kan få.
Det som i natta seg gøymer,
det skal du skilja og sjå.
Di ligg det svikefulle
snarer i vegen din
og lullar lint og lokkar
og tryller ditt unge sinn.*

*Å sjå deg, sjå deg føre!
Du har så mørk ein veg.
Men når du ut vil glide,
eg er ikkje langt frå deg.
Å sjå, å sjå deg føre!
Vegen er mørk og glatt.
Men ljuv er ljøsrande morgon
alt etter den tunge natt.».*

Veslemøy vak med glede
vil helse si søster god.
Då lyste gjennom rute
den første morgonglod.
Den døde, kjære søster
glei bort i sola linn.

De drogst ein sukk som døydde
i vaknande morgonvind.

2.2. ETTER DRAUMEN

– Sidan såg ho
i haug, på voll,
både nisse og nøkk,
både draug og troll
og gjenferd med håra lange.

Tidt mumlande gjekk ho
med mørke ord
og skremde stundom
si eiga mor;
dei sa ho vanta på vitet.
I lyngmarka nord
mellom haugar tri,
der gjekk ho gjette
si meste tid.
Og Haugtussa vart ho heitand'.

TEKSTUTDRAG 3

UNGDOM

Det er juletid; det er annandag.
 Hos gamlemor held dei sitt danselag.
 Dit flokkar seg gut og jente.
 Me veit kor det er i ungdomens tid;
 etter all den kvardagsleg' sut og strid
 ein leik så hjarteleg smakar.
 Og gleda er gjev og gleda er kjær;
 dei hoppar som folar og rundkast slær
 og spenner i golv så det brakkar.

Haugtussa ho sit i mørkaste krå
 og ser på og myler og mumlar;
 ho ser det dei andre ikkje kan sjå,
 som vilt seg i dansen tumlar.
 I stoga det kryr
 med alle slags dyr;
 dei hoppar som skuggar og flyg og flyr.

Kvar ein og kvar ei har vardøvlet *sitt, * vardøgret¹
 det følgjer så trufast sin herre;
 det eine er svart, det andre er kvitt,
 eit stygt og det andre verre.

– Veslemøy sit som tryllt og glør,
 og tungt av barm ho andar.
 No går det både ned og nord;
 for troll og folk seg blandar.

Å kunne dei sjå!
 Dei fælte visst då!
 Og vondskap og villskap seg vende ifrå!

¹ Vardøger, også kalt *vardøge*, *vardøgge*, *vardyger*, *vardygr*, *vardøgle*, *vardøiel*, *vardevil*, *vardyvle*, er i norsk folketro ei varslande ånd, som ein høyrer, sjeldnare også ser, før det mennesket ho tilhøyrer kjem.

Vardøger kjem etter alt å dømme frå gammalnorsk **varðhygli*, der første leddet er stammeforma av *vørðr*, som tyder «voktar» eller «vaktmann» og der *-hygli* er ei avleiing av *hugr*, som tydde 'hug, sinn, sjel, tanke; vardøger. Nokre gonger kan vardøger vere identisk med ei vernande følgjeånd.

TEKSTUTDRAG 4

I BLÅHAUGEN

Vår ho løfter si augnebrun;
då er ho innpå eit kongsgards-tun.

Slottet lyser, i høgda strekt,
med berre skinande kopar tekt.

Tårn seg løfter med glim og tir;
gullhanar glor på dei høge spir.

Som der ho står, fortentkt og fortryllt,
er heile tunet med hovmenn fyllt.

Då tinklar det stilt som av bjøller små,
så vent at Veslemøy gråte må.

Fagre møyar i kvite lin
av søljer og lad og gulldobbar skin.

Fram dansar dei møyar i ljose rad:
“Her kan du alltid få vera glad.

Der ser du kongen; vil du her vera,
skal dronning-krone og krans du bera.”

Veslemøy ser den haugkallen blå
konge staut i svalgangen stå.

Krona lyser som raude glod;
purpuret er som det heite blod.

Kongsstaven skin av brennande stein
som elden gul og logen rein.

Og dansen går over tunet kåt;
tonar lokkar og felelåt.

Herleg er kongen, fager og gild; -
all denne stordom ho eige vil.

Og opp det stryk med så vill ein slått
Veslemøy er mellom gråt og lått.

«Fram dansar ein haugkall fager og blå
med gullring om håret som fløymer;
han giljar for Veslemøy til og frå,
og tonar ikring honom strøymer.

“Å hildrande du!

Med meg skal du bu,
i Blåhaugen skal du din sølvrokk snu”.

“Du skal ikkje fæle den djupe nott,
som søv under svivande eimar
og ser gjennom gru og ser gjennom grått
langt inn i dei draumhulde heimar
og voggar deg linn
og lullar deg inn
frå dagen den trøytt, av sola blind.

Å veit du den draum, og veit du den song,
så vil du tonane gøyme;
og gilja det for deg så mang ein gong,
rett aldri så kan du det gløyme.

Å hildrande du

med meg skal du bu

I Blåhaugen skal du din sølvrokk snu”

TEKSTUTDRAG 5

2. AKT

MØTE

Ho sit ein sundag lengtande i lid;
det strøymmer på med desse søte tankar;
og hjarta fullt og tungt i barmen bankar,
og draumen vaknar, bivrande og blid.
Då går det som ei hildring over nuten;
ho raudnar heit; – *der kjem den vene guten.*

Bort vil ho gøyme seg i ørska brå,
men stansar tryllt og augo mot han vender;
dei tar einannen i dei varme hender
og står så der og veit seg inkje råd.
Då bryt ho ut i dette undringsord:
«men snille deg då ... at du er så stor!»

Jon smiler raud og strekkjer led og legg;
“det er vel så, når guten kar må vera,
han lærer au som vaksin kar seg bera.”
– “Men tenk, eg trur at du har fenge skjegg!”
“Det var der før”, han svarar stø og sann;
“men kanskje det har vakse litegrann.”

Han mjuk seg ned attunder steinen slengjer,
og opp or lomma nistemmat han dreg;
og gild han vera skal som andre drenger;
«sjå her er egg! Dei tok eg med til deg.»
Ho ler og set seg, så ho nett kan sjå han.
I barm det gjeng; ho får kje augo frå han.

Ho spør som halvt i skjemt om her er troll;
«å ja,» han svarar utan spott i tanke;
«det bur nok sumt i både kuv og koll
men meir det sviv ikring på videvanke.»
Og no ho vita får at Jon er klok;
han grev i kofta si og finn ei bok.

“Kan hende trur du kje at slikt kan finnast?”
– han får eit mistrudrag om munnen fjåg –
“men meir enn ein eg veit som vel kan minnast
at slike ting han klårt med augo såg.
Og her, i denne bok eg ein gong fann
du skal få sjå at denne tru er sann”

No kan dei lenge nok få le og flire;
det står i boka; og han Jon det trur.
– Så glade sit dei saman der i ur,
og søger gjeng, og dèr treng ingen fire.
Og nistematen saman gneg dei på;
Jon sit og sit og gløymer reint å gå.

Med undring høyrer han det store ord,
at om han tagnad tru kan ærleg lova,
så er ho sjølv av desse få på jord,
som har den underfulle synegåva.
Han gjev si hand. Av vørdnad er han fyllt.
Og alt ho no fortel. Han er som trylt.

Og som det lid til svale kveldings stund,
alt meir og meir i lengt dei saman søkjer;
og brått om hals den unge arm seg krøkjer,
og øre skjelv dei saman munn mot munn.
Alt svimlar bort. Og der i kvelden varm
i heite sæle søv ho i hans arm.

TEKSTUTDRAG 6

6.1 ELSK

Den galne guten min hug hev dåra;
 eg fanga sit som ein fugl i snåra*; * fella
 den galne guten, han gjeng så baus;
 han veit at fuglen vil aldri laus.

Å gjev du batt meg med bast og bende;
 å gjev du batt meg så banda brende!
 Å gjev du drog meg så fast til deg,
 at heile verda kom bort for meg!

Ja kunne rett eg mi runelekse,
 eg ville inn i den guten vekse;
 eg ville vekse meg i deg inn,
 og vera berre hjå guten min.

Å berre timane vilde skride,
 og berre dagane vilde lide!
 Men eg vil kveda og vera glad;
 for om sundag kjem han, trala, trala!

6.2 VOND DAG

Ho reknar dag og stund og seine kveld
 til sundag kjem; han har så trufast lova,
 at om det regnde småstein over fjell,
 så skal dei finnast der i «Gjætarstova».
 Men sundag kjem og gjeng med regn og rusk;
 ho einsam sit og gret attunder busk.

Då kjem ho heim ein sundagskveld mot haust,
 av angsten mødd og sjuk av ank og otte
 og trøytt og tung. All dagen har det aust
 med regn, så reint i flaum ho vasse måtte.
 Ho berre skundar seg og vil i seng.
 Det er det einaste ho veit og treng.

Då får ho høyre meir enn sjølv ho ville;
 ho høyre må, at denne guten staut,
 som så ho trudde, lett sin lovnad braut
 og floksa fritt med alle jenter gilde.
 Men no han vankar klok på bele-rås
 til sjøve rike megga ifrå Ås.

Som fuglen, såra under varme veng
så blodet tiplar lik den heite tåre,
ho dreg seg sjuk og skjelvande i seng
og vrid seg natta lang i gråten såre.
Det slit i hjarta og det brenn på kinn.
No må ho døy; ho miste guten sin.
/:Ho miste guten sin:/

TEKSTUTDRAG 7

3. AKT

RÅDLAUS

Så trygg og varm
i din gode arm

aldri meir eg finne deg må,
og aldri meir
deg i auga sjå,
– Å nei, at du kunne svike.

BØN

Ja hjelp meg du som hjelpe kan
Å, hjelp meg du som hjelpe kan.
Du ser kor sårt eg strir.
Mitt hjarta trøyt i tunge band
forutan von seg vrir.

PÅ VILDRING

Høyr meg! No kjem eg til dykk.
Eg vil meg skrive i boka inn,
men gjev meg ein elskugsdrykk!

Ein drykk som hugen kan vende brått
for min gut til hans rette møy!
Eg vil honom eiga ei einast nott
og så i djuphylen døy.
No kan du meg få.
No kan du meg få!
No kan eg gjerne i haugen gå.

TEKSTUTDRAG 8

I BLÅHAUGEN

«Å hildrande du!
med meg skal du bu;
i Blåhaugen skal du din sølvrokk snu.

Kvart ønske du då
i fagnad skal få,
og møyane mine deg tene må.
Den eine reider ditt brune hår,
den andre bind det i knute;
den tredje sølvkrona til deg når;
den fjerde jamnar di pute;
den femte så linn
deg solane bind;
den sjette klappar ditt mjuke kinn.»

Han gjev henne staupet, breiddfullt med vin,
rundt dansar dei møyar i kvite lin.

“Her kan du alltid få vera glad.
Der ser du kongen, vil du her vera
skal dronningkrona og krans du bera.
Drikk, så opnar seg kongens borg!
Drikk, så gløymer du all di sorg.
Drikk av staupet og drikk det ut!
Då gløymest den hardaste hjartesut.
Tenk deg kje om, men gjer som me song!
No bydst deg dette for siste gong.

Veslemøy er i en stor vurdering

Veslemøy: “Skal bort eg gløyme mi hjartesut?”
Haugfolket: “All di sorg den sløkkjer me ut.”

Veslemøy: “Sløkkjer de elden som heitast brenner?”
Haugfolket: “Når staupet er tømt du inkje kjenner.”

TEKSTUTDRAG 9

Veslemøy vaknar opp frå syner og draum:

Då vart det sagt eit lite ord;
ho høyrde grant det kviskra “- mor?”
Veslemøy bleiknar om brune kinn;
det går henne kaldt gjennom hug og sinn
Veslemøy bleiknar om brune vangar;
tanken vaknar og minnet fangar.

“Nei, vil du sløkke den sorga heit,
– den kan eg kje misse for alt eg veit.

“Nei, heller vil eg med augo sjå,
enn blind og dauv gjennom verda gå
og ikkje det sanne skilja!”

Epilog

TIL DEG DU HEI OG BLEIKE MYR

Til deg, du hei og bleike myr
med bukkeblad,
der hegre stig og heilo flyer,
eg gjev mitt kvad.

Til deg, du visne lyng om haug,
der draumar sviv,
eg gjev min song om dimd og draug
og dulde liv.

Eg kjenner deg, du trollheim grå,
du skugge natt!
Eg rømde redd; men stundom må
eg sjå deg att.

Eg kjenner deg - eg kjenner deg,
som **ikkje** vann! -
Eg såg din strid, eg veit din veg
i skuggeland.

*Og om me kjenner gråt og gru
og saknad sår,
så må me lerkesongen tru,
som lovar vår.
Det brydder strå,
det sveller knopp,
og sevja stig i treet opp;
ein dâm det vaknar søt og tung
...Å sæle meg som er så ung!
/: Å, sæle deg som er så ung... :/*

KJELDER

Det Norske Teatret: Manus og bilete til Haugtussa

<http://teaterfestivalenifjaler.no/program/haugtussa.html>

<http://www.nrk.no/skole/klippdetalj?topic=nrk:klipp/338402>

[https://www.duo.uio.no/handle/10852/26411:](https://www.duo.uio.no/handle/10852/26411)

Veslemøys sjelekamp: en psykoanalytisk lesning av Arne Garborgs Haugtussa